



Olve, Viljar og Ingar i arbeid på SPAR

For rundt 30 år sidan var det ein vanleg sport å samla tomflaskar under Uskedalsdagane. Då vart dei yngste gjerne sendt ut grytidleg på morgonkvisten og fangsten var stor langs stranda. No er tradisjonen ført vidare, men no er det boksar som vert samla inn. Dei 2 siste dagane har ei gruppe gutar stått på SPAR og sendt boksar gjennom maskinen. Pengane går til Redd Barna.

Vi traff Olve (8) Tveit, Viljar Tveit (10) og, Ingar Eik Høivik (12) i full gang med det som må kallast eit tålmodigheitsarbeid og kundar i butikken var fulle av ros til dei unge. Det var også Gunn Mari Moberg etter å ha sett kva dei 3 gutane og fleire med har gjort under Festidalen.

- Dei har stått på heile veka med ymse oppgåver. Dei har rett og slett gjort ein enorm jobb, ikkje berre med boksinnsamling, men også rydding av bord og mykje anna. Eg er verkeleg imponert, var attesten. Så konklusjonen må verta at ein gamal tradisjon har vorte teke skikkeleg vare på under Festidalen og i tillegg har også dei unge lært kva frivilligheitsarbeid betyr.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen